Førsteblad 

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1 | Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Forsand

Emne: Ard og Plog | Bygdelag: Espedal

Oppskr. av: M. G. Mikkelsen | Gard: Øvre Espedal

(adresse): Helle i Högsfjord | G.nr. 48 Br.nr. 11

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Namnet „Ard" er ükjendt her i bygdi og er det framleides. Namnet på „Plogen" var frå gamalt av nemnt med „Veltaa". Det er fyrst no med dei meir moderne reidskap at det vart tala üm plog og plöying av åker og voll. Dei gamle „spadde" åkrarne sine med spada. Men var åkrarne store og flate so „velte" dei dei med „veltå".

Den „Veltaa" som eg vedlegg teikning av er heimgjord. Den er arbeidt av björketre. Den künde ikkje brükast til anna enn åker. Regüleringi so at den gjekk djüpt eller grünt, gjekk fyre seg på den måten at det vart brüka ein blög som ein sette ünder eller over Helmå i bakstre foten. Det var fremste foten det röynde mest på, til denne var veltefjöli fest, den var vredi. Denne foten er av raün på den Veltaa som eg vedlegg teikning av og er arbeidd av min far. Det var „Risstellet" og „Vangsen" som berre var av jarn. Veltefjölå var av tre og stod fast.

Dette trür eg må vera svar på 1–12.

13. Den fyrste fabrikk-plogen som var brükt her var Raügstad-plogen. Det var ein „grindå-plog" med veltefjöl, vangse og ristell av jarn. Kva tid

den kom i bruk kan eg ikkje seggja, men truleg kring 1880 åri. Kva denne plogen kosta kan eg ikkje seggja

14. Det må vel seggjast at det er denne plog eg hev gjeve teikning av.

15. Eg hev aldrig høyrt at dei hadde korkje øks eller spada med, men hadde ei spada standande ved enden av fora til å reinska plogen med.

16. Under tomgang vart plogen kjørt på landrida, ikkje på veltefjøli

17. På landrida hadde dei fest ein mei på Helmå 

18. Det var berre høgreplog

19. Den vanlige plogedjupin var vel kring 5 tomar

20. Det vanlige var nok at dei brûka ristell

21. nei.

22. nei.

23. nei.

„Eple-veltra" var ein plog, eller rettare sagt ein hyppe-plog som dei brûka å kjøra gjenom potet-åkeren etter at potetene var ûppkomne. Denne plog var av same lag som den eg hev teikna av, berre mindre og lettare og med velte-fjøler til både side. den var berre til draging av mennesskje.

„Veltå" på Espedal
Kring 1860




NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
1388

Denne „veltaa" er idag hjå M. G. Mikkelsen. Ristell og Vangse er no burte. Dei var både av jarn.